



Kjell Yri i samtale med koalisjonspartner Thorleif Hellesøy under valkampen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleirtalskoalisjonen opplyser i avtalen som no er lagt fram at byggjestarten på Undarheim skule skal skje i løpet av dei kommande 4 åra. Men Uskedalen skule er ikkje omtala sjølv om langtidsprogrammet har den inne allereie i 2012. Har den nye koalisjon prioritert ned vår skule?

uskedalen.no rettar spørsmålet til det nye formannskapsmedlem frå Uskedalen, Venstres Kjell Yri, som har dette svaret:

- Nei, opprusting og utbetring av skulen i bygda er ikkje nedprioritert, Den er diskutert i koalisjonen og ligg fast. Det er stor einigheit om at skulen er prioritert for utbetring.

- Men burde den då ikkje ha vore omtala i programet, som Undarheim?
- Det kan så vera, men det er mykje som ikkje er med i programmet sjølv om det er prioriterte oppgåver, er Yri sitt svar.

Han gir ellers uttrykk for irritasjon over at Uskedalen Utvikling har skreve under ei fråsegn saman med 8 andre bygdelag der det blir gjeve uttrykk for uro over den politiske situasjon og liten representasjon.

- Denne fråsegna tjener berre til å spreia ugrunna frykt. Koalisjonen har klart slått fast at vi skal arbeida for heile kommunen og når det gjeld representasjon er det ingen andre bygder som er så godt representert som Uskedalen. Bygda har 4 representantar i koalisjonen. Heller ikkje i programma til dei som er partnarar finn ein grunnlag for påstandane i fråsegna, seier Kjell Yri.

Av Ola Matti Mathisen

